



Tilsyn, drift og vedlikehald

Krav til drift og vedlikehald er vedtatt i lokal avløpsforskrift § 7. Eigar av anlegget er ansvarleg for at anlegget blir drevet og vedlikehald slik at alle krav blir fylgt, samt at anlegget ikkje påførast skade.

Alle avløpsanlegg krev ettersyn og vedlikehald. Det er eigar av avløpsanlegget som er ansvarleg for at anlegget er i forskriftsmessig stand. Det er eigars ansvar å syte for god sikring av alle kummar på eigedommen. Nokon typar anlegg til dømes minireinseanlegg krev regelmessig vedlikehald og service. Anleggseigar pliktar og syte for at det er etablert service-/driftsavtale med anleggsleverandør før anlegget kan godkjennast og takast i bruk.

Drift og vedlikehald av alle typar mindre reinseanlegg er viktig for at anlegga skal fungere som forutsatt med omsyn til reinseeffekt. På bakgrunn av gjennomført service på mindre reinseanlegg, skal føretak med ansvar for service sende inn årsrapport til kommunen seinast **1. februar** det påfyljande året.

Årsrapporten til kommunen skal innehalde opplysningar om det aktuelle anlegget med tilstandsvurdering og skildring av kva som er gjennomført på servicebesøk på anlegget.

Årsrapporten bør minimum innehalde:

- Type anlegg med dimensjonerande vassmengde
- Anleggsadresse med gards- og bruksnummer
- Datoar for gjennomført service
- Namn på serviceansvarleg
- Generell tilstandsvurdering av det undersøkte anlegget med vurdering av dei einskilde anleggskomponentane
- Avlesing av eventuelle målarar slik som vassmålar, tellar, pumpetid eller anna
- Driftsavvik som er registrert på reinseanlegg og kva for tiltak som er gjennomført, alternativt må gjennomførast
- Resultat av analyserte prøvar av reinsa vatn, samt ein vurdering av prøveresultat
- Generelle merknadar

Det er kommunal tømmeordning i Hemsedal og alle anlegg skal med i ordninga. Nye anlegg blir meldt inn på bakgrunn av ferdigattest. I samband med tømning blir det utført ein enkel kontroll av tankane. Registrerte avvik som blir avdekka i samband med tømning, blir meldt i frå til anleggseigar med frist for retting av feil og manglar. Dette er ingen fullverdig kontroll eller godkjenning av anlegget. Ved tilsyn kan det bli avdekka fleire feil/manglar.

